

Formannskapskontoret
Dir.innv.: 56 52 40 00
Fax.nr.: 56 52 40 01

Det kgl. Olje - og Energidepartement
Energi- og vassdragsavdelingen
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
OR 1 2351 - 140	
DATO 01 APR. 2003	
AN 501 Vassdr.	EKSP.

Dykkar ref.: Vår ref.: 2003000064-3 Arkivkode: M11 &09 Dato: 31.03.03

HEIMFALLSORDNINGA - ENDRINGAR I VASSDRAGSLOVGJEVINGA - UTTALE FRÅ GRANVIN HERAD

Viser til brev av 29.11.02 med vedlagt "Framlegg til endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova" med høyringsfrist 31.3.03.

Granvin heradstyre handsama saken i møte 27.3.03, sak HS 013/03, og gir slik uttale:

1. *Høyringsinstansane omfattar ikkje kommunane, men alvoret i saka tilseier at kommunane må gje uttale. Kopi vert sendt til Kommunenes Sentralforbund og LV K.*
1. *Høyringsfristen medfører uforsvarleg kort tid til grundig sakshandsaming i kommunane av innhaldet i høyringa.*
2. *Me er tilfreds med at Olje- og energiministeren har vedteke å setja ned eit utval til ei grundigare utgreiing.*
3. *Granvin herad meiner at konsekvensane av endring av heimfallsreglane vert ei formuesoverføring frå kommunar til staten, og at dette ikkje er rimeleg med bakgrunn i korleis desse verdiane vert skapte.*
4. *Me ber om at interesseorganisasjonen vår - LVK - vert representert i det utvalet som skal setjast ned.*

Den saka departementet har sett i gang, gjeld fundamentale spørsmål for det norske samfunnet. Noregs velferd er i første rekke tufta på foredling av verdifulle naturressursar, der vasskrafta historisk står i fremste rekke. Departementet sitt framlegg reiser spørsmålet om kven som skal eiga vasskrafta i framtida, og korleis Noreg kan hegna om vasskraftformuen, som i dag vert rekna med å vera i storleik 200 milliardar kroner. Det er vårt syn at framlegget

- manglar ei grundig utgreiing av dei samfunnsmessige konsekvensane av å endra heimfallsreglane